

**KONTROLLUTVALET I
GISKE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 27.11.2018 kl. 13.00

Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av nestleiar Dag Oksnes

Elles til stades: Arnfinn Rune Giske, Anne Lise Hessen Følsvik og Bjørn Tunheim (vara).

Gunnar Morsund og Karin Kalvø Giske hadde meldt forfall.

= 4 voterande

Frå administrasjonen møtte rådmann Sindre Røsvik og kommunalsjef Lene Bjørlo Overå. Ordførar Harry Valderhaug deltok i heile møtet.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte konst. leiar Kurt Løvoll og oppdragsrevisor Knut Gunnar Alnes.

Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista blei godkjend.

Sak 18/18 Godkjenning av møtebok frå møte 08. oktober 2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møteboka frå møte 08. oktober 2018 vart godkjend.

Sak 19/18 Revisjonsstrategi 2018 for Giske kommune

Sakspapir frå sekretariatet datert 20. november 2018.

Kontrollutvalet sitt vedtak var samrøystes:

Kontrollutvalet framhevar det fokuset som er nemnd i overordna revisjonsstrategi 2018 for Giske kommune, og påpeiker at det er viktig at dette blir teke med vidare.

Sak 20/18 Orientering om tilsyn innanfor rusmiddelproblem og psykisk lidning (ROP-pasientar)

Sakspapir frå sekretariatet datert 20. november 2018.

Saka var lagd fram frå sekretariatet utan tilråding til vedtak.

Nestleiar Dag Oksnes fremma på vegne av kontrollutvalet følgjande forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande, og forventar å bli halde orientert når tilsynssaka er avslutta.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande, og forventar å bli halde orientert når tilsynssaka er avslutta.

Sak 21/18 Oppdatert orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.

Sakspapir frå sekretariatet datert 20. november 2018.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Giske kontrollutval tek orienteringa frå Kommunerevisjon 3 til vitande, og forventar å bli halde orientert om prosessen vidare.

Sak 22/18 Møteplan 2019 for Giske kontrollutval

Sakspapir frå sekretariatet datert 20. november 2018.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak til møteplan 2019:

**tysdag 26. februar, tysdag 19. mars, tysdag 14. mai, tysdag 3. september,
alle dagar kl. 13.00**

Eventuelt:

På neste møte ønskjer kontrollutvalet ei nærare orientering frå rådmann omkring rutinar på tildelingskontoret.

Møtet var slutt kl. 14.40.

Dag Oksnes	Anfinn Rune Giske	Anne Lise Hessen Følsvik	Bjørn Tunheim
nestleiar	medlem	medlem	varamedlem
(sign)	(sign.)	(sign.)	(sign.)